GJERIKE – ØYKJASKOR – TVEITO – HAUGSE.

Namnet Gjerike har sitt opphav i gamalnorsk og tyder ”Geitariket.”
Høgd over havet : 353 moh
Lengd: ca 2,1 km
Tid: ca 2-2,5 timar ein veg
Gradering: Alt 1: Middels tur opp frå Jerike, men bratt fleire stader. Alt 2: lett tur frå Tveito, ca 30 min (men du må krysse elva – dette er berre mogleg når elva er lita)

Vegskildring; Turen startar mellom Vallaviktunnelen og Gullhammartunnelen ved ei utkøyrsellomme på høgre side av vegen etter busstoppen (retning Voss). Føl stien oppover til den deler seg. Går du mot høgre kan du gå over Kjerland-skorane og koma ned att til Kjerland. Stien opp Jerike er den gamle allmannvegen mellom Granvin og Voss. (I Gullhammar var det ikkje framkomande før vegen kom.) Du går forbi Bukkaheldren. Stien kryssar så ein flaumbekk, Jerikabekken, der det er merka med små steinvardar. Når du kjem opp på toppen ser du mot garden Haugse. Der ligg ein gravhaug, Munkerøysa på venstre sida når du går gjennom gjerdet. (Sjå skilt). 100 m sør for Gravhaugen er ein fin utkikksplass over bygda og fjorden. Her heiter det Haugseberget. (Står du nede på Kollanes og ser opp mot Haugseberget ser du eit tydeleg markert ansikt.) Det er berget som har gitt navnet til garden Haugse. Haugse er av dei eldste gardane i Granvin. Her er fleire funn frå steinalderen. Du finn ein trebenk nokre m opp frå Munkarøysa, som gravhaugen heiter. Navnet tyder truleg ”Røysa på den snaue kollen”.
8-10 m nord for Haugen ser me restane av ei hustuft. Me veit ikkje kva bygning dette har vore.

På veg mot garden går du gjennom ein juletreplantasje.
Du vil sjå ein veg som går oppover mot høgre, dette er vegen mot Øykjaskore. Vegen går over i ein brei sti som går til Øvsta-Haugse. Ta av frå denne stien mot høgre (sjå skilt) til ny sti og følg den oppover. Så kjem du til Bjødnabakken. (Sjå skilt). Vegen går over til smalare og lite tydeleg sti til Øykjaskore. (Sjå skilt). No vert stien bratt og vi har hengt opp stroppe/ tau til å halde seg fast i. På toppen av denne flater det ut att før du må gå nedover til sjølve Øykjaskora og tuftene der. Nede på berget er det flott utsikt over fjorden. Herfrå kan ein gå vidare på merka løype til Tveito. (Vær obs på at du må krysse/vasse over elva og det er berre mogleg ved låg vassføring).
Eller ein kan gå over Askjellstræet og vakthytta til Anders Vindal. (ikkje merka løype) Her ligg og den gamle vårfloren til det tidlegare Hausnes-bruket. Vidare forbi tuftene til vårfloren til Øvsta-Haugse og ned til Haugse att.
Frå Haugse har me tre valg for å gå ned att:

Du kan ta hovedvegen forbi Vindal og ned til Øvsthus. Eller, frå Vindal, fylgja gamlevegen ned Krikkalia til Ivars-kroken, der du møter gamlevegen frå Haugse.
Du kan og frå Haugse fylgja den gamle gardsvegen til Hausnes, eller gå rett nedover langs berget til du kjem ned i nivå med gardshusa i Hausnes. Her tek du til venstre ned Svilaskår og ned den støypte trappa ved hovedvegen.

GOD TUR!